

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim




KONSERT

med Rune Alver og Amalie Duesund

I samband med 160-årsjubileumet inviterer vi til konsert i Austrheim kyrkje torsdag 20.februar kl. 19.00 med Rune Alver på piano og Amalie Duesund på fløyte.

Hjarteleg velkomen til ei flott stund i kyrkja

Kyrkjebakken nr. 1 – 2025 – januar – årgang 54- Nytt stoff innan 14. februar



KYRKJEBAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslau 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Treftid etter avtale
Kyrkjevevjerje:

Bustadtelefonar:

Stein Hugo Fykse	909 60 154
Kyrkjevevjerje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar	
Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Jostein Hauge,
Redaksjon:	Jorunn Kårdal, Britt Rebnord, Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat
for eventuelle endringar.

29.01 kl. 11.13

Bygdatreff

Søndag 02.februar kl. 19.00 i kyrkja

Syng-deg-glad-kveld

Fredag 14.februar kl. 18.00

Gudsteneste for alle

Søndag 16.februar kl. 12.00

**Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse
og Jostein Hauge**

Torsdag 20.februar kl. 19.00

**Konsert med Rune Alver og
Amalie Duesund**

Onsdag 26. februar kl. 11-13

Bygdatreff med Atle Lervåg

Søndag 02.mars kl. 12.00

Jubileumsgudsteneste, Kyrkja 160 år.

**Her vil vi markere både kyrkja og at
kyrkjevevjerje Leif Arne Økland skal gå av
med pensjon.**

Kyrkja Guds hus – vår heim

Dette året fyller kyrkja vår 160 år. Dette vil vi markere på ulikt vis gjennom året. Kyrkja vår står på Austrheim. Ho er lysande og kvit og peikar med sitt tårn mot himmelen, mot Gud. Kyrkja er ein bygning. Eit annleishus som er utskilt og vigsla til møte mellom Gud og menneske.

Her kjem vi saman gjennom livet sine skiftande fasar, frå vi kjem inn i livet til vi går ut av tida.

Første og siste gongen vi er i kyrkja blir vi borne både inn og ut. Det er dåp og vi gler oss over det nye livet som er kome til. Vi legg barnet i Guds hånd. I handa til han som sa og som seier: «Lat småborna koma til meg og hindre dei ikkje for Guds rike høyrer slike til». Siste gongen vi er i kyrkja er det for å ta avskjed.

Vi overgjev vår kjære i Guds hånd. Ved begge høve, både ved dåpen og ved grava, lyder dei same orda: Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå ei døde!»

Slik omsluttar kyrkja oss frå fødsel til død.

Bispedøme vårt sin visjon er: «Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd».

Saman er eit viktig ord. Det er berre ein måte å vere kyrkje på og det er saman. Kyrkja er ein bygning og den er eit folk. Ei kyrkje utan folk gjev lite meining.

Så lenge vi kjem saman for å ære den treeinige Gud vil kyrkja vår bestå. Gjennom 160 år har folk kome saman i kyrkja vår.

Men kyrkjarahistorien til Austrheim er langt eldre. Allereie i 1329 er Austrheim kyrkje nemnd. Døypefonten i kyrkja er datert til 1100-talet og sto truleg i den første kyrkja her.

Kyrkja – Guds hus – vår heim.

I den midlertidige salmeboka, Salmar 1997, står det ein enkel, fin liten salme om kyrkja og kva den kan bety.

«Det finst ein plass i Guds trygge famn som er min og berre min. Den dagen eg døyptest, skreiv englar mitt namn i himmelen inn.

Det finns ein plass i ein kyrkjestol som er min og berre min. Der når meg Guds Ord, hans velsignande sol, og dit går eg inn.

Det finst ein plass ved eit nattverdbord som er min og berre min. Til finaste høgtid som finns på vår jord, får eg koma inn.

Det finst ein plass i Guds paradís som er min og berre min. I koret av englar som syng til hans pris, skal eg og gå inn». (Salmar 1997. Nr:48).

Stein Hugo Fykse
spr





Austrheim kyrkje 160 år

Søndag 26.januar kl. 17.00
Basar på samfunnshuset

Søndag 02. februar kl. 19.00
Syng deg glad - kveld

Torsdag 20.februar kl. 19.00
Konsert Rune Alver og Amalie Duesund

Onsdag 26.mars kl. 11.00
Bygdatreff - Fortellingar om kyrkja og kyrkjefolk

Søndag 30.mars kl. 12.00
Gudsteneste med markering av 160-årsjubileum

Onsdag 02.april kl. 19.00
Jubileumskonsert med Edvard Hoem og Ine Hoem

Søndag 13.april kl. 19.00
Sjå vi går opp til Jerusalem

Torsdag 29.mai kl. 12.00
Kristi himmelfartsdag - Utegudsteneste ved kyrkja

Søndag 15.juni
Konsert med Jon Martin Skauge

Open kyrkje med utstilling i juli

Mandag 18.august kl. 19.00
Kjerringrokken Temakveld med Frode Brügger Sætre


Torsdag 24.september kl. 19.00
Temakveld med Stein Hugo Fykse

Søndag 19.oktober kl. 19.00
Salmekveld med forsongargruppa

Mandag 03.november kl. 19.00
Kjerringrokken Temakveld med Mona Rosvold

Søndag 07. des kl. 18.00
Julekonsert

NB: med atthald om endringar.
Følg med i kyrkjebakken, heimeside og facebook

Austrheim sokn

Gravlagde

14.januar Sigrunn Fønnes f.1932

17.januar Frank Einar Dyrøy f.1958

Takk

til Diakoninemda for
Hjertesjokolade og helsing på
90 år`s dagen min.
Takk til Britt Rebnor for hyggeleg
besøk.

Helsing Kåre Øksnes

Hjartleg takk

for minnegåva som vart gitt til
Nordliheimen i samband med
gravferda til Liv Austrheim.

Takksame helsingar frå personalet
og bebuarane ved Nordliheimen.

Takk

for hjertesjokoladen eg fekk til
80 års dagen min og til Liv Ulvøy
som kom på besøk til oss.

Helsing Egil og Anna Budal

Hjartleg takk

for den fine blomsten eg fekk på
84 års dagen min frå Saniteten som
Wenche og Anny var så greie å koma
med. Og takk til diakoninemda for
hjertesjokoladen som Bjørg og Yngve
kom med og som gav seg tid til ein
hyggeleg prat.

Helsing Jan Nordbø

Takk

til Diakoninemda for
hjertesjokolade og helsinga eg fekk
til 80 årsdagen min.
Takk til Margot Gjerde som
kom med den.

Helsing Sonja Eriksen

Tusen takk

til diakoninemda for besøk og
sjokoladen som eg fekk til min
80års dag.

Takk for ein hyggeleg og god prat
med Edvard Bjerkestrand

Helsing Arne Leikvoll

Bygdatreff

Øystein Austrheim fortalde om "livet i kystbygda før alt vart endra" og om "Fonnes bygdelag sitt arbeid." Dei har fått til mykje og er svært dyktige, men dette kjem ikkje av seg sjølv. Der er mange ivrige bidragsytarar.

Rune og Øystein har vakse opp saman og dei fortalde mange episodar frå den tida.

Jan Foss opptredde med og utan nisselue, og delte ut konfektøskjer til dei som fortente det. Salen var full, og alle kosa seg med mat og kaffi.

Neste bygdetreff er 29.januar og 26.mars. Februar går ut sidan det er midt i vinterferien.



Norske Kvinners
Sanitetsforening

ÅRSMØTE LINDÅSNESET SANITETSLAG

Det blir årsmøte på
sanitetshuset i Lindåsneset
Sanitetslag onsdag 19.2.25 kl. 18.

Saker ein ynskjer å ta opp på
møtet må vere styret i hende
innan 12.2.2025
Mat og kaffe

Vel møtt -Styret

Norske Kvinners
Sanitetsforening

ÅRÅS Sanitetsforening

torsdag 20. februar 2025
kl. 18

Årsmøtesaker - Val
Saker til Årsmøtet må sendast
innan 6. februar

Etter årsmøtet vert det
medlemsmøte og servering


Nestleiar Torill Moen 95097774

ETTERLYSING :

Tok du feil kåpe når du forlot pensjonistmøtet i Kjelstraumen
15.1.2025 ?

Det hang ein att , men den var ikkje min , så den heng der enno.
Den er mørk blå og står Vikafjell på hvis du ser etter.
Ver så snill å sjekk om du var den uheldige som tok feil.

mvh. Anny tlf. 95172936



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN

Mob. 481 31 534

byggboe@online.no

SYNG-DEG-GLAD

KVELD I AUSTRHEIM KYRKJE SØNDAG 2.FEBRUAR KL.19

Desse vert med:
Kjell Bergsvik, Jostein Hauge,
forsangergruppe m.fl.

Bli med på ein flott kveld med masse
song og musikk. Dette er ein del av
jubileumsarrangementa som skal vere
i 2025 for å markerer at kyrkja er 160 år.

Alle velkommen!



Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

VATNE

begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø
vatne-byra.no

NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ

ΦIEDER

Varm. Lokal.
Erfaren. Åpen.

ΦIEDER

Marit K. Haukeland Marita Haukeland Sølvi H. K. Mjos Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • www.nordh-bb.no • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



Justering av festeavgiftene, med meir

Festeavgiftene har no blitt oppjusterte, etter vedtak i siste møte i kommunestyret før jul i 2024. Festeavgiftene i Austrheim har stått på samme nivå, sidan 2019. Det var såleis på høg tid å få ei oppjustering av satsane.

Auken er moderat og vi ligg konsekvent under satsane til Alver kyrkjelege fellelsråd, som det er naturleg å samanlikna seg med.

Kommunestyret har vedtatt at festeavgiftsatsane skal **indeksregulerast**. Dermed får vi ei ordning med årlege mindre oppjusteringar, som ikkje vert særleg merkbare.

Maksimal festeperiode er 5 år, som før. Betalar ein festeavgift for 5 år, er det satsane første året som gjeld heile perioden. Det vil også vera mogeleg å avtala festeperiode som er kortare enn 5 år. Kyrjekontoret er gravplassmyndigheit for alle innbyggjarane i Austrheim, uavhengig av medlemsskap i kyrkja. Vi tek kontakt med deg når festeperioden går ut.

Festeavgiftene har fleire formål, mellom anna:

- Bidra til å drifra gravplassane.
- Bidra til at fleire vel urnegravlegging og enkeltgraver, framfor dobbeltgraver.
- Bidra til sletting av graver som ikkje skal festast vidare.

Arealet på Austrheim gravplass er under press. Gravplassmyndigheita arbeider aktivt for å bidra til at flest mogeleg vel urnegravlegging framfor kistegravlegging. Dette fordi urner tek mindre plass. Målsetjinga er å unngå utviding av Austrheim gravplass. Dette er grunnen til at Austrheim sokn betalar kremasjonsavgifta for innbyggjarar som vel kremering istadenfor kistegravlegging. I løpet av 2025 får vi også på plass ein **namna minnelund** på Austrheim gravplass. Dette har vore etterlengta lenge og vi trur dette vil bli ei form for gravlegging som mange vil nytt a seg av. Gravleggingar i den namna minnelunden på Austrheim skjer i form av urner.

Plassutfordringane på Austrheim gravplass er utfordrande, også fordi delar av gravplassen er stengt for gjenbruk av nye kistegraver. Grunnen til dette er dårlege jordforhold i kombinasjon med mangelfull drenering, som forsinkar nedbrytinga. Dette er tilfelle på dei eldste felta på gravplassen. Her kan vi berre tilby gjenbruk i form av urner.

For å redusera talet på dobbeltgraver (kistegraver), innfører vi no det samme prinsippet som vert brukt i Alver og i Bergen blant andre: Den som reserverer ei grav betalar festeavgift for den grava som vert reservert i 20 år. Dette er ei

eingongsavgift som ikkje vert refundert. Med utgangspunkt i dei nye festeavgiftene, vil ein slik reservasjon kosta 12.000 kroner i 2025. Gravplassmyndigheita meiner dette er eit nødvendig grep for å vri praksis frå doble graver og over til gravlegging i form av urner og enkeltgraver.

Når den namna minnelunden er på plass, vil kostnaden for ei minneplate i denne vera 4.000 kr inkl mva etter 2025 prisar. Ei minneplate med inngravert namn, kostar berre brøkdelen av ein gravstein. I tillegg er det slik at vedlikehaldet av minnelunden er lagt til gravplassmyndigheita. Vi trur difor at dette vil bli ei ordning mange vil gjera seg nytte av.

Kostnaden for urnegraver og barnegraver, vil som tidlegare vera halv pris av kva ei kistegrav kostar. Friperioden for ei grav, er også som før: 20 år. Ei grav som er 60 år skal normalt kunna slettast, men kan etter avtale med gravplassmyndigheita festast vidare, men til ein vesentleg høgare kostnad.

Satsane:

Her kjem ovesikta på avgiftssatsane (som vert indeksregulerte 1 gong i året – dette er 2025 prisar):

• Kistegrav mellom 20 og 60 år, pr år:	600 kr
• Urne eller barnegrav mellom 20 og 60 år, pr år:	300 kr
• Kistegraver over 60 år, pr år:	1.000 kr
• Urne eller barnegrav over 60 år, pr år:	500 kr

•Reservasjon av kistegrav (ved ønskje om dobbeltgrav) 12.000kr
(eingongsavgift som ikkje kan refunderast)

•Namneplate i namna minnelund 4.000 kr inkl mva

Gravlegging utanbygds:

Alle som er heimhøyrande i Austrheim kommune, har rett på ei frigrav dei første 20 åra. Etter dette må det betalast festeavgift. Den som ikkje er heimhøyrande i Austrheim kommune må betala ekstra avgift for å få opna ei grav og festeavgift frå første dag. Desse satsane har blitt vesentleg oppjusterte i det samme vedtaket frå kommunestyret. Viser til soknet si heimeside for meir informasjon om dette.

Namneoverføring:

Gravplassmyndigheita reklamerer igjen for at fleire vel namneoverføring. Er du festar for fleire graver, er det både lurt og langt rimelegare å ha eitt gravminne igjen som ein betalar festeavgift for. Du kan då bestemma deg for kva for gravminne du vil ta vare på og sletta dei andre. Den rimelegaste formen for namneoverføring, er å få pålimt ei namneplate med namna på dei gravene som vert sletta. Vi har informasjon om kvar du kan få tak i og gravert inn namn på ei slik namneplate. Festeavgifta vert berekna ut frå den sist gravlagte. NB: alt av slettingar må avtalast med kyrkjekontoret, slik at vi ikkje mister oversikta på dei gravene som skal slettast og kva for grav som skal behaldast.

Viser elles til heimesida vår for vidare informasjon. Her finn du også dei oppgraderte lokale gravplassvedtektene.

Leif Arne Økland – kyrkjeverje.



Gudsteneste for alle

Ei fin stund i kyrkja før jul. Anette starta med å tenna det første adventslyset. Juleevangeliet vart rollespel der Elise og Rune var Maria og Josef. Anette, Gerd Ingunn, Olav og Jan Roald var gjetarar. Jan Roald hadde nett fylt 50 år så me måtte syngja for han.

Min salme

Eli Aarnes Lerøy



Det finst mange fine og gode salmar å høyre på. Enkelte passar særleg godt i spesielle situasjonar, nokre minner om Tenårings-Treff i ungdoms tida, eller gjev assosiasjonar om ulike opplevingar. Og det er kjekt med nye, friske songar som passar i situasjonar i dag.

Eg kan ikkje seie eg har noko spesiell salme eg reknar for "Min salme", så om eg skal trekkje fram og peike på ein enkelt song, blir det denne gongen "Ingen er så trygg i fare" av Lina Sandell. Det er ingen ny salme. Faktisk skreiv ho den hundre år før eg vart fødd. Så den er gammal – og velbrukt. Ein skulle trudd den var utgått på dato, men heldigvis er ikkje alt merka med 'best før' dato.

Kan ikkje hugse når eg vart kjend med denne songen, men dei åra vi budde i utlandet song vi den ofte i gudstenestene. Vi jobba ein periode på Sjømannskyrkja, Le Havre og Singapore, og begge dei stasjonane var samlingspunkt for både nordmenn og svenskar, så songen vart brukt like mykje på svensk som norsk.

I salmeboka står songen under temaet "Tryggleik og glede". I familiesamanheng har vi brukt den ved gravferder. Den står som ei påminning om noko trygt utanom ein sjølv. Alle møter vi gjennom livet situasjonar som kan vere tunge og synast vanskeleg å manøvrere gjennom. Når ein kjenner seg ustødig sjølv kan det vere ei trøyst å løfte blikket på noko utanfor som står fast. I "gode dagar" kan det gje glede og takksemnd

**1 Ingen er så trygg i fare
som Guds lille barneskare,
fuglen ei i skjul bak løvet,
stjernen ei høyt over støvet.**

**2 Herren selv vil sine berge.
Han er deres skjold og verge.
Over dem han seg forbarmer,
bærer dem på faderarmer.**

**3 Ingen nød og ingen lykke
skal av Herrens hånd dem rykke.
Han, den beste venn blant venner,
sine barns bekymring kjenner.**

**4 Gled deg da, du lille skare!
Jakobs Gud skal deg bevare.
For hans allmakts ord må alle
fineder til jorden falle.**

**5 Hva han tar, og hva han giver,
samme Fader han forbliver,
og hans mål er dette ene:
Barnets samme vel alene.**

PS.

Vi kan takka og vere glade for fine dagar i starten av året. Utrulig fint å kunne gå ute i kvitt vinterlandskap. Og takk til dei som har køyrt opp så fine skispor på markene her!

UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

Frist innlevering:

14. februar
14. mars

Kyrkjebakken kjem ut:

26. februar
20. april



ØNSKEKONSERTEN



Velkomen til ein ny runde med Ønskekonsertar på Årås bedehus.

Her vert det god allsong-faktor frå songboka, andakt og kaffimat.

Ta med ein ven, og bli med!

-måndag 10.februar kl.17.00

-måndag 31.mars kl.17.00

ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1 / 4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

FONNES FILIAL

Torsdag i oddeltalsveker 10 - 16

Fonnes filial finn du på Kaland skule.

Inngang ved den gamle
naturfagsalen,
i hjørnet mellom skulen og
barnehagen.

Følg oss gjerne på facebook

GOD BOK



KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel

Tlf: 40 90 02 16

Sætre marka 2 -k-hus

Tysdag ,Torsdag

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson

Tlf: 96 62 66 56

Sætre marka 2 -K-Hus

Tysdag , Onsdag og Torsdag

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

08.30-15.00

Telefontid: 08.30 - 12.00 og

13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

**INGEN RESEPTBESTILLING
MÅNDAGAR!**

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen
/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42
56 16 21 38

Høyrselekskontakt i
Austrheim 56 16 21 23



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



BoschCarService.no

For everything your car needs.



KONSERT MED EDVARD OG INE HOEM

Onsdag 02.april kl. 19.00

Dette er datoen kyrkja vart innvia i 1865.

I denne samanheng inviterer vi til konsert med Edvard og Ine Hoem.

Far og dotter Hoem har opplevd stor suksess på kvart sitt felt. Edvard Hoem har gleda lesarar over heile Norge gjennom fleire generasjoner, mellom anna med romanane om forfedrane hans som utvandret til Amerika, og Ine Hoem har gjort stor suksess med sin smakfulle visepop med songar som «Jeg vil aldri hjem», «Vi trenger ikke hage vi» og "Broren din"

Billetter får du på Ticketco,

FORBOD MOT GJENBRUK AV KISTEGRAYER PÅ DELAR AV GRAVPLASSANE:

Dei nye gravplassvedtekene for Austrheim kommune er omsider godkjente av Statsforvaltaren. Det har vore ein lengre prosess, der vi til slutt fekk godkjent at delar av gravplassane no får eit generelt forbod mot gjenbruk av nye kistegraver.

For Austrheim gravplass sin del gjeld dette felt 2, 3 og 4 (sjå oversiktskart). På Lervåg gravplass gjeld dette rekke 5 – 12 på felt 1, som er den eldste delen av denne gravplassen. Dette følgjer av § 16 i dei nye vedtektene.

Grunnen til at gravplassmyndigheita har bedt om eit slikt forbod, er at ein på desse felta har så pass dårlege jordforhold, som gjer at nedbrytinga av kister omtrent har stoppa opp. Dette skuldast eit jordsmonn med mykje leire og manglande drenering.

Sjølv om vi på Austrheim gravplass gjerne skulle ha praktisert gjenbruk av nye kistegraver i stor utstrekning, så kan vi ikkje det likevel. Denne gravplassen har kapasitetsutfordringar og vi har eit stort behov for å endra bruksmåten på gravplassen for å unngå nok ei utviding av denne. Det betyr at vi ønskjer at flest mogeleg vel bisetjing framfor kistegravlegging.

Sjølv om det er forbod mot gjenbruk av kister, er det ingen begrensningar om å gjenbruka areal i form av urner. Urner kan setjast ned overalt i gamle kistegraver som er sletta. I tillegg er vi i gang med å prosjektera og anlegga ein namna minnelund, på Austrheim gravplass. Vi trur dette vil auka bruken av urner i vesentleg grad.

Dei nye gravplassvedtektene
vart godkjent av
Statsforvaltaren 14.11.2024.
Eit vilkår for at Statsforvaltaren
har godkjent vedtektene, er at
gravplassmyndigheita

informerer om dette forbudet
og grunnen for dette.

Gravplassmyndigheita
oppfordrar uansett publikum til
å vurdera gravlegging i form av
urne framfor kiste.

